


Kyrkjelydsblad for Arna



NR. 3

JUNI 2005

38.ÅRG.



Endeleg er arbeidet med oppussing av fasaden på Arna kyrkje i gang. Arbeidet vil vara til litt ut i juli. Då kan vi gle oss til å sjå kyrkja fin og kvit att!

I denne fagre sumarstid



I denne fagre sumarstid gå ut, mi sjel, og gled deg i vår Herres store under! Sjå hagen prydd med blomeseng, sjå garden med si grøne eng, og skog med li og lungdar!

Sjå, kvar ei grein av lauv er full, og moldi pryder seg i gull og fargar utan like! Sjå liljer, roser, blad og blom ber større bragd og herlegdom enn Salomo den rike.

Då tenkjer eg: Er du så stor, du venleik her på falne jord, for syndarar å finna, kor stor skal gleda verta då når vi den herlegdom får sjå som vi hjå Gud skal vinna!

Norsk Salmebok 766

Takk for innsatsen!



Rannveig vert takka for innsatsen.

Foto: Bente Steinsland

Rannveig Aasgard har vore eittåring i Ytre Arna kyrkjelyd det siste året. Ho har teke dei i kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid.

No er perioden som eittåring her i Ytre Arna over, og under familiegudstenesta 29. mai vart ho tak-

ka for den flott innsatsen ho har gjort. Og heldig vis – Rannveig vil fortsetja som leiar for Barnegospel til hausten!

ToMaN



Barnegospelkoret song og spreidde glede i gudstenesta.

Foto: Bente Steinsland

Kjernesunn kyrkjelyd?

I siste nummeret av kyrkjelydsbladet skreiv eg om "Ny helsesjekk for Arna kyrkjelyd", og i samband med det nemnte eg kva villkår dei må oppfylle, som vert utfordra til å vera med på undersøkinga:

- 1 Dei deltar regelmessig i gudstenesta
- 2 Dei har ei konkret teneste (oppgåve) i kyrkjelyden
- 3 Dei er med i ei gruppe.

Så la eg til: "Det vi måler, er altså kor sunn sjølve "kjernen" i kyrkjelyden er". Og poenget var at vi går ikkje ut på bygda og spør folk som nok "står" i kyrkja, men berre sjeldan går der om kva dei meiner om det som føregår i Arna kyrkje. Vi spør dei som faktisk og regelmessig går der.

Vi har fått tilbakemeldingar på bruken av ordet "kjerne". Høyrrer ikkje eg med til kjernen? spør somme. Er ikkje mi tru god nok? For enkelte kan det kanskje òg vera litt jantelov med i tankegangen: "Du skal ikkje tru at di tru er betre enn mi". Og eg ser jo no - i etterpåkløkskapens lys - at ordet "kjerne" var eigna til å skapa assosiasjonar i andre retningar enn det eg hadde tenkt. Eg seier meg lei for at eg i det heile tatt brukte ordet i denne samanhengen. Eg er òg òg diverre heller ikkje skulda på journalisten; eg intervjuar meg sjølv(!)

Men lat meg nytta høvet til å seia litt meir om kvifor undersøkinga vert utført på den måten som er nemnt ovanfor.

Utvalet. På ein vanleg sundag er det omlag 150 til gudstenesta i Arna kyrkje. Ikkje få av desse er svært trufaste; møter opp sundag etter sundag. Av desse har vi valt ut 30 som er med og tar ansvar ved at dei har tatt på seg konkrete oppgåver (tenester), og som viser eit breitt engasjement ved at dei er

med i ei gruppe. Særleg vil dette med oppgåver variera. Vi har no i vinter og vår understreka over for frivillige medarbeidarar at når ein tar på seg ei oppgåve, er det for eit gitt tidsrom, t.d. 1 eller 2 år. Sjølv om vi ynskjer å engasjera fleire i oppgåver, er ein ikkje "mindreverdige" om ein (i ein periode) ikkje har noka konkret oppgåve.

Kva vi måler - og ynskjer. Vi ynskjer at endå fleire enn dei 150 skal finna vegen til Arna kyrkje når klokkene ringjer, og at dei skal ha glede av det. Så enkelt. Samtidig trur vi at vi best kan arbeida for nå dette målet ved å betra "kvaliteten" i kyrkjelyden. Og kyrkjelydsprofilen fortel oss nettopp noko om kor "sunn" kyrkjelyden er på ulike felt, og kor vi bør setja inn tiltak for å bli sunnare.

Eit konkret døme: På spørjeskjemaet skal ein m.a. kryssa av på fylgjande: "Det følgjende utsagn stemmer i meget høy grad/ i høy grad/ middels/ dårlig/ ikke i det hele tatt: Jeg kjeder meg ofte på gudstjenestene". Dersom dei som er mest husvarme, kjedar seg, kan ein då venta at menneske som står "litt fjernare", kan finna seg til rette? Og motsett: Dersom dei "husvarme" har glede av gudstenesta, dersom dei spreier ein atmosfære av at "Her er det godt å vera", kan det ikkje då tenkjust at andre òg vil bli smitta? Jo, men det er slett ikkje sikkert: Det kan nemleg tenkjust at dei "husvarme" opptre som ein "klikk". Det kan tenkjust at dei "husvarme" ikkje ser andre enn seg sjølv. Då hjelper det ikkje om gudstenesta i og for seg er "god". Kyrkjelydsprofilen vil hjelpa oss til å oppdaga kva felt vi treng å bli betre på.

Jan Kåre Jakobsen

KONFIRMANTER



Ytre Arna
24. april
og 8. mai



Trengerid
24. april



Arna 1. mai



Arna 1. mai



Arna 8. mai



Arna 8. mai

Alle foto:
Fotograf Reimers



- Dette er det luraste eg har gjort Sorggruppe til stor hjelp

- Sorggruppa er noko eg verkeleg ser eg fram til! Det er eit høgdepunkt i kvardagen! Det er ein av deltakarane i sorggruppa som starta opp i vinter, som seier dette til Kyrkjelydsbladet.

I utgangspunktet tenkte eg at "dette er ikkje noko for meg", og eg la bort heile invitasjonen. Men så såg eg på han ein gong til - og at eg meldte meg på, er det luraste eg har gjort! Eg hadde aldri kome så langt som eg har, utan gruppa.

Sorggruppa er eit nytt tiltak i kyrkjelydane i Arna. Opplegget er "kursliknande" på den måten at deltakarane fylgjer kvarandre over 10 samver, og så er ein ferdig. 6 deltakarar har møttest kvar 14. dag sidan februar. Leiingar for gruppa har vore Kolbein Kolnes og Ingrid Hope - "og dei har vore supre" - kjem det samstemt frå deltakarane. Kyrkjelydsbladets utsende tok ein tur innom på det sjuande samveret for å lodda

stemninga. Og dei var meir enn gjerne villige til å fortelja og reklamera for ny sorggruppe som er planlagt å starta til hausten.

- Noko av det mest fasinerande med gruppa er at vi er så ulike. Kanskje det er difor det er så lett å snakka om ting eg ikkje får til å snakka med andre om, seier ei. Her kan eg snakka om tvil og tru på ein avslappad måte. Her kan vi snakka om vanskelege ting som t.d. kremasjon. Og så veit vi at som vert sagt, kjem ikkje utanfor gruppa.

- I samfunnet ventar ein at ein sorgprosessen skal gå så fort, og folk trur at ein har kome lenger enn ein har kome. Men sorg tar tid, og ein må gi seg lov til av og til setja seg ned på ein stabbestein. Det vil ikkje seia at vi "pleier" sorga i sorggruppa; ialfall sit vi ikkje og grin heile tida. Visst kan det koma tårer, men det er like mykje lått og gode historier. Alt vert så jordnært og fint.

Praten går i eitt, men vi lurar oss fram på med eit spørsmål: Kven er ei sorggruppe for? Kven kan vera med? Svaret kjem kontant og samstemt, at ei sorggruppe er for

alle. Og sjølv sagt treng ikkje den som er død, vera gravlagt her i Arna.

- Eg kvidde meg litt fordi eg ikkje er så "voldsomt kristen", seier ein av deltakarane, men det var jo ikkje noko problem i det heile tatt!

- Somme synest det er flaut å vera med i sorggruppe når ein har mist gamle foreldre, det skal liksom vera så "naturleg" det. Men sorg kan vera tungt likevel, seier ein annan.

Dei fortel òg om at somme ber på "gammal sorg"; dødsfallet skjedde for fleire år sidan, men ein har likevel ikkje bearbeidd sorga. Men slike ting kan ein òg ta opp i sorggruppa.

Kolbein Kolnes og Ingrid Hope er innstilte på å starta opp med ei ny sorggruppe til hausten. Det er mogeleg for nye deltakarar å melda seg på alt no.

/KJ

Hjelp til å leva med sorg Sorggruppe i Arna

I august startar vi på nytt med sorggruppe i Arna. Dette er eit tilbod til deg som opplever sorg etter å ha misst eit menneske som stod deg nær, og som ynskjer å møta andre som er i same situasjon. I ei sorggruppe deler ein erfaringar med kvarandre, og lærer av kvarandre korleis ein kan leva med sorga. Sorg som vert teken på alvor, kan verta til ein ressurs for livet vidare.

Ei sorggruppe har mellom 5 og 8 deltakarar i tillegg til 2 leiingar. Deltakarane vil fylgja kvarandre over 10 kveldar, med 2-3 veker mellom kvar samling. Ein vil vera innom ulike tema: Korleis ein vanlegvis opplever sorg/ krise; Born og ungdom i sorg; Er sorg "godt"?; Korleis vera medmenneske når vi møter menneske i sorg?; Tru og tvil - og endå meir.

Vi tilrår vanlegvis at ein let det gå minst 3 månader frå dødsfallet til ein begynner i ei sorggruppe; det kan gjerne gå meir enn eit halvt år. For informasjon og påmelding, ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf 55 36 22 70.

Treng du hjelp?

Ein del av ungdomane i Arna kyrkjelyd ønskjer å arbeida til inntekt for kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid. For 100 kr pr time kan du få hjelp til

- plenklipping
- hagestell
- husvask
- barnepass
- handling
- Bilvask kr 100 pr bil (bileigar må syta for vaskemiddel og utstyr)

Ved store jobber, kan vi diskutere prisen.

Vi starter opp måndag 27. juni.

Heile inntekta går til kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid.

Er du interessert, ring kyrkjekontoret på telefon 55 36 22 70

Fornyning av grav

Fredningstid for graver på kirkegårdene i Bergen er for:

- en kistegrav 25 år.
- en urnegrav frå før 1997 25 år, etter 1997 20 år (dette pga. ny lovgivning i 1997)

Dersom man ønskjer å beholde graven utover fredningstiden må graven fornyes mot avgift.

Har graven har vært fornyet tidligere og fornyelsestiden er gått ut, kan graven fornyes ytterligere mot avgift.

Dette kan gjerers ved henvendelse til kirkegårdskontoret. 6 måneder etter fredningstiden / fornyelsestiden er gått ut tilfaller graven med dens gravutstyr kirkegården.

Graven og gravutstyr kan da bli fjernet jfr. Gravferdsloven §18 samt lokale vedtekter §7.

Er du i tvil om graven din er fornyet, eller skulle vært fornyet tar du kontakt med

Åsane kirkegårdskontor tlf. 55 30 81 55 mand.-fred. mellom kl.09.00 – 12.00

Frå arbeidet i Betania, Lone


I over hundre år har Haukeland Indremisjon drive sitt arbeid. Størstedelen av denne tida har arbeidet vore konsentrert om bedehuset Betania, som stod ferdig i 1930. Frå dei aller yngste til dei eldre har her sine faste samlingar, både i kvardag og helg.



Over:
Bedehuset Betania
Barnekorøving mandag

I midten:
Utlån av CD og bøker til borna

Nedanfor:
Kveldsmat på barnekoret



Tysdags ettermiddag er det Yngres / Yngstes for born frå 2 klasse.
Hobbyarbeid, mat og andakt.



Fredagskafé for ungdom i kjellaren



Søndagssamling for heile familien søndag formiddag med søndagsskule for borna. I tillegg er det samlingar laurdag ettermiddag og søndag kveld.



Bønne møte annakvar mandag kl 10.00 leia av områdearbeidaren vår Solfrid Stein.

Tekst og foto: Ottar Hope og Magne Mestad.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døpte

Arna sokn

- 17.04. ELINE LILLESKARE
- 17.04. KAYA HANSEN FADNES
- 17.04. ADRIAN PHILIP HUNSHAMAR
- 19.04. ROBIN HAMMER SOLBERG
- 24.04. HÅVARD LINDKVIST
- 15.05. JONAH SKRÅMESTØ
- 15.05. CHRISTOFFER NESSE VESETH
- 29.05. JESPER PEDERSEN
- 29.05. ANNE MARIE STAMNESHAGEN HELGÅS

Ytre-Arna sokn

- 17.04. RUTH ISABEL LEKVE BEFRING
- 17.04. ROBIN LOFTÅS
- 17.04. HARALD KVAMME RØDØLEN
- 15.05. RENATE SELBAK
- 29.05. FRØYA AARLIE SØRENSEN



Vigde

Arna kyrkje

- 14.05. MARGIT VALBORG FAGERTVEIT OG ERIK HALDORSEN AAKRE BENTE KYVIK OG RUNE PEDERSEN MARGUNN LYHAMMER OG PER ASLE SOLBERG

Ytre Arna kyrkje

- 28.05. KRISTIN HAARSTAD OG KAY MORTEN LARSEN

† Døde

Arna sokn

- 22.03. MAGNHILD KVAMME
- 23.03. ELLING K MINDE
- 31.03. ANNA OLIVA LERÅS
- 08.04. RAGNHILD BERGITTE HORVEI
- 01.04. KARI TAKVAM
- 05.04. KAROLINA ARNETVEIT
- 22.04. ANNY UNNELAND
- 06.05. ODDVAR JOHAN CHRUICKSHANK
- 11.05. JOHANNA KVALVÅG
- 12.05. HELGE RIISE JOHNSEN
- 24.05. GURID MÆLAND

Ytre-Arna sokn

- 01.04. ARILD EMIL ENDRESEN
- 22.04. INGOLF FROESTAD
- 20.05. TURID BRUNBORG
- 24.05. JOHANNES VEVLE

Ofringar

Ytre Arna kyrkje

- 10.04. Familie og medier kr 2534,50
- 17.04. Konfirmantarbeid kr 2699,00
- 24.04. Orgelfondet kr 3767,50
- 08.05. Orgelfondet kr 4851,00
- 15.05. Norh. Indremisjon kr 1890,00
- Kyrkjelydsarbeidet kr 2403,50

Takvam Kapell

- 10.04. Samemisjonen kr 1500,00

- 01.05. Takvam Kapell kr 1000,00
- 17.05. Arna Søndagsskulelag kr 1210,00

Arna kyrkje

- 10.04. Ungdomsarbeidet kr 4384,00
- 17.04. Kyrkjelydsarbeidet kr 5604,00
- 24.04. Kr. Arb. blant blinde kr 2658,00
- 0505 KRIK kr 2058,50
- 1505 Navigatørene kr 3616,00
- 1705 Menneskeverd kr 3621,50
- 2205 Norsk Gideon kr 5999,00

OLSOKFEIRING PÅ TAKVAM

9. juli kl 19.00

Også i år har vi den gleda å innby til OLSOKFEIRING på Takvam. Ekstra gledeleg er det at vår tidlegare res.kap., no sokneprest i Manger, Ingvar Fykse, vil halda OLSOKGUDSTENESTEN. Saman med han vert vår noverande kapellan Arne Mulen. Det er mest utruleg at vi får begge med oss.

Programmet ser slik ut:

- Kl.19.00 Olsokgudstene ved Fykse og Mulen.
- Gjester frå Haraldsplass.
- Takkoffer til Sunniva Hospice.

Etter gudstene vert det olsokbål og grilling. Ta med grillmat! Vi ordnar med kaffi og te.
Det vert konkurransar, leikar, allsong m.m.
Hjarteleg velkomne!

Nemnda for Takvam kapell.

Stoff til kyrkjelydsbladet

Neste nummer av bladet kjem 7. sept.
Frist for innlevering av stoff er 24. august.

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jan Skorpen, tlf. 55 24 89 72
Soknerådsleiar Arna: Trond Kleiveland, tlf. 55 53 15 93

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen
Ådnav. 15, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 06 86

Kapellan Arne Mulen
Gamlevegen 8 - 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 25 73 92

Organist Arna
Kantor Christopher David Briggs
Pb 161 Indre Arna
5888 Bergen
Tlf. 55 24 40 55

Dagleg leiar
Tove Margrete Nordmark
Boge, 5725 Vaksdal
Tlf. 56 59 72 01

Kateket
Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kateket
Mia Krüger
Neset 49, 5267 Espeland
Tlf. 98 81 08 75

Sekretær
Benthe Vevle Birkeland
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

VOKT-arbeiar
Jarle Myksvoll
97 77 61 10

Ungdomsarbeidar Arna
Margreta Straume
Tlf. 99 03 66 84

Ungdomsarbeidar
Hilde Grøteide
Tlf 976 61 205

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktøransvar dette nummer: Tove Margrete Nordmark.

Redaksjonsnemnd: Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

Bladpengar: Kr. 100,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen



Ungdoms- arbeidet

året 04/05

De siste 12 månedene har vært spennende og innholdsrike for ungdomsarbeidet i Arna og her kan du få et lite innblikk i noe av det som har skjedd:

Lørdagsbibelskolen

Høstsemesteret fikk en pangstart med lørdagsbibelskolen »Flying start» hvor mellom 10 og 20 ungdommer møtte opp 5 lørdager på rad. Hver uke var det nye talere og temaene var varierte og spennende. Til jul kom Hilde Grøteide hjem fra studier i Kristiansand og dreamteamet Jarle og Margreta ble enda bedre. Vi har opplevd det svært styrkende og inspirerende å være flere om å dele tanker, drømmer, frustrasjoner og gleder.

Impuls

I slutten av januar fylte vi opp en buss med ungdommer for å reise til Impuls i IMI-kirken i Stavanger. Det er etter hvert blitt en tradisjon at vi deltar på dette arrangementet sammen med ca 3000 andre ungdommer fra hele landet. Denne turen ble til stor inspirasjon for hele ungdomsmiljøet vårt, men av størst betydning var kanskje Lederdagene 05 som ble arrangert i etterkant av Impuls. Undervisningen vi fikk høre og møtene vi fikk delta på gav nye krefter og tro på det vi holder på med!

Nattkaféen

Rundt årsskiftet fikk også Nattkaféen seg en liten ansiktsløftning og de trofaste ildsjelene

som har stått på i mange år fikk forsterkninger. Utover vinteren og våren har stadig flere funnet veien både til møtet kl 20.00 og til kafédelen etterpå. Vi ble fullstendig overveldet da 60-70 ungdommer var innom på sist Nattkafé og gleder oss stort over veksten!

Ten-sing

Ten-sing har også hatt et spennende år med ny dirigent og oppføring av musikalen »Jesu liv og livet med Jesus» som vi har hatt det veldig gøy med å fremføre ulike steder. Gode tilbakemeldinger har betydd masse og ryktene vil ha det til at det er lenge siden ten-sing har sunget så bra!

Konfirmantleir

I februar gikk konfirmantleiren som skulle vise seg å bli årets høydepunkt av stabelen. 18 konfirmanter og en horde med ledere vendte nesen mot Raknestunet på Osterøy og en helg full av lek, moro og utfordrende forkynnelse. Vi ble alle sterkt møtt av Jesus denne helgen og flere av disse konfirmantene har valgt å begynne i cellegrupper etter denne turen.

Kort oppsummert: Det er SPENNENDE å jobbe med ungdomsarbeid i Arna!


Med vennlig hilsen
Jarle, Hilde og Margreta



ALPHA-KURS høsten 2005

Leter du etter svar?

Bli med oss på å utforske de livsviktige spørsmålene.



Alpha passer spesielt for:

- De som ønsker å undersøke hva den kristne tro er
- De som har en tro de ønsker å børste støvet av
- Nye kristne
- Nye i menigheten

Alpha-kurset starter opp:

mandag 20. september i Ytre Arna kyrkjelydshus

Vi starter kvelden kl. 19.00 med felles måltid. Deretter blir det sang og undervisning, før vi går i grupper. Vi avslutter klokka 21.45.

Sett av tirsdagskveldene i høst. Du er hjertelig velkommen.
arr.: Ytre Arna kyrkjelyd og Ytre Arna og Haugland Indremisjon



Alle som leter



Læring og latter



Pizza og Pasta



Hjelpe hverandre



Alt kon du spørre om

EKSTRA! EKSTRA!

Prøv en Alpha-kveld

Alpha-middag

TIRSDAG 13. SEPTEMBER

i Ytre Arna bedehus Kl.19.00

Tema:

KRISTENDOMMEN

Kjedelig, usann og irrelevant?

Har Jesus gått ut på dato?

Er Jesus aktuell for oss i dag?



ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall
i Arna, Osterøy og omegn.



SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet
_____ BYRÅ Kommer også hjem for samtale.
JONSVOLLGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE



VAKS DAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar, oppsatsar og båretbukettar fritt
levert til
Gravferda. Vi leverer og gravmonument.
Tlf. 56597470- mob.91179766
Einar Mjelde
Tlf. privat 56597443

Kranser, buketter,
opsatsar

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope
Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.

Kleveland A.S.
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Frøydís
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40
Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet
10 % for pensjonister alle dager.



Din lokale
storbank
i Arna!

Nordea

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

Solberg Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,
industri og service.
Gratis befaring, god service

Telefon: 41809620

Velkommen til kyrkje

Søndag 26.06.2005

6. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN
Nattverd

Søndag 03.07.2005

7. SUNDAG ETTER PINSE
YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd
Takkoffer til Samemisjonen. Repr.
Frå Samemisjonen deltar

Søndag 10.07.2005

8. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp

Søndag 17.07.2005

9. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

Søndag 24.07.2005

10. SUNDAG ETTER PINSE
YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00
ARNE MULEN Nattverd
Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

Fredag 29.07.2005

OLSOK
TAKVAM KAPELL. kl. 19:00
INGVAR FYKSE og ARNE MULEN

Søndag 31.07.2005

11. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
ARNE MULEN Dåp

Søndag 07.08.2005

12. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
ARNE MULEN Nattverd

Søndag 14.08.2005

13. SUNDAG ETTER PINSE
YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd
Takkoffer til Kirkens SOS. Tur til
Varegga

Søndag 21.08.2005

14. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp

TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00

ARNE MULEN

Søndag 28.08.2005

15. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
JAN KÅRE JAKOBSEN og Mia
Krüger Konfirmantpresentasjon 1

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Takkoffer til
Konfirmantarbeidet.
Konfirmantpresentasjon.
Koret på sporet

Søndag 04.09.2005

16. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
Liturg: JAN KÅRE JAKOBSEN og
Erik Rodal.
Konfirmantpresentasjon 2

Søndag 11.09.2005

17. SUNDAG ETTER PINSE
ARNA KYRKJE. kl. 11:00
Liturg: JAN KÅRE JAKOBSEN
Nattverd. Bønevandring.

YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN
Familiegudstjeneste
Sundagsskulens dag Takkoffer til
Bergen søndagsskolekrets
Barnegospel. 4-årsbok